

DEN NORSKE KIRKE
Fellesrådet i Stangvik og Surnadal
Postboks 19
6656 SURNADAL
Tlf: 71657060
Kyrkjekontoret i Surnadal 14.07.2011

Møtebok Fellesrådet i Stangvik og Surnadal

Møtedato: 15.06.2011
Møtetid: Kl. 13:00-15.30
Møtested: Talgø-stua, Kyrkjelydshuset

Tilstede:

Karstein Svendsli, Ola Røe, Ildri Sjøland Øyen, Antonie Moen, Turid Sættem, Bernt Venås, Lars Polden, Lilly Gunn Nyheim, Ingeborg Nordlund, Helga Anne Bøvra.

Meldt forfall:

Liv Marit Berset

Saker

Sak 012/11 Rekneskap 2010
Vedlagt følger regnskapshefte med oversikter og revisorsberetning.

Vedtak:

Framlagte rekneskap for Stangvik og Surnadal kyrkjelege fellelråd vert vedteke.
Overskudd i driftsregnskapet 289 632 kr blir bruka til å likne ut meirforbruk frå tidlegare år..

Sak 013/11 1 Tertialrapport 2011

Dette er den første tertialrapporten fra BKF økonomi. Vi er ennå i ein lærefase med nye systemer og nye tilsette i administrasjonen. Det er mykje nytt på ein gong. Vi er difor og ute etter tilbakemeldingar på om denne rapporten syner det rådet vil sjå .

Nye tilsette - krev opplæring

Drifta i vår er prega av endringar i personalet. Dette fører til størrekostnadar til opplæring enn det vi hadde oversikt over i haust da framlegget til budsjett vart sett opp. På den andre sida er lønskostnadane noko mindre i og med at det ikkje har vore full bemanning heile tida. Nye arbeidstakarar har og anna lønsplassering grunna ansiennitet og alder.

Data

Vi har dei siste ti åra hatt ein server ståande på Rindal kommune sitt datarom, den "gjekk trøtt" no i mai Dette gjorde at vi enten måtte få tak i en ny server eller leige serverteneste frå nokon. Etter ein runde med undersøking fant vi ut at den rimelegaste løysinga var å kjøpe tenestene hos www.kirkedata.no Dei yter og bistand med oppdatering av programvare og e-post. Overgangen fører med seg ein eingongskostnad på ca 30 000 kr.

Men dei årlege driftsutgiftane vil gå ned, så alt i alt er dette den mest økonomiske løysinga.

Uansett var vi berre nødt om å ha ein dataløysing som fungerer. Denne løysinga inneheld og heimekontor for alle tilsette som ynskjer det .

Vedtak:

Tertialrapport for 1. tertial 2011 vert teke til vitande.

Referatsaker:

- 1.Åsskard kyrkje HCW arbeid er igang, men det går tregt.
2. Møre bispedømekontor gjorde ikkje tilsetting i prestestilling, grunna samboarskap hjå søkjar.
Dette skapte reaksjonar hjå fellelrådet. Kyrkjevevja vert bede om å skrive eit brev til biskopen.

3. Kyrkjekontret har teke i bruk nytt IT system fra www.kirkedata.no. NB nye e-postadresser til kontoret.
post@surnadal.kyrkja.no. Sjekk og heimesidene og legg gjerne inn soff.

For Fellesrådet i Stangvik og Surnadal

Ingeborg Nordlund
Kyrkjeverje